



Magne Hope AS  
Litlåsvegen 197  
5954 MONGSTAD

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 16/3060 - 19/37651

Saksbehandlar:  
Siril Therese Sylta  
siril.therese.sylta@lindas.kommune.no

Dato:  
17.12.2019

## Ferdigattest for lagerhall - gbnr 125/44 Kjeilen

### Administrativt vedtak. Saknr: 771/19

**Tiltakshavar:** Marinett Eiendom AS

**Ansvarleg søkjar:** Magne Hope AS

**Søknadstype:** Søknad om ferdigattest etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-10.

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 13.10.2016. For tiltak med krav til uavhengig kontroll ligg det føre dokumentasjon for utført sluttkontroll.

Det vert elles vist til søknad motteken 13.12.2019.

### Skildring

Adresse:	Keilevegen 194
Bygningstiltak:	Lagerhall
Bygningsnummer:	
Bruksareal:	297 m2
Avlaup:	Privat
Vatn:	Privat
Tal på røykløp:	0

### VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-10 vert det gjeve ferdigattest for lagerhall på gbnr 125/44. Bygningen eller delar av den må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.

### Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

### Klage



Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 16/3060

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Siril Therese Sylta  
avdelingsleiar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Marinett Eiendom AS

Litlåsvegen 165 5953

FONNES

**Mottakarar:**

Magne Hope AS

Litlåsvegen 197 5954

MONGSTAD